

## Møteplass villreinfjellet. Referat frå møte i arbeidsgruppe 2, 11.12.2018

Til stade: Dagfinn Torkildsen, Sondov Bjåen, Sigrid Bjørgum, Torborg Kleppa, Bjørg Hellem og Jørn Haug (referent)

Forfall: Lena Romtveit.

### Sak 1. Oppsummering og erfaring med dei opne møta hausten 2018

Gjennom hausten har det vore arrangert opne møte i Bykle, Hjelmeland, Kvinesdal og Suldal (17. desember). Kort oppsummering av desse er lagt ut på heimesida til prosjektet:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/svr/Planer-og-publikasjoner/Villreinfjellet-som-verdiskapar/>

Oppmøte har gjennomgåande vore bra der tal deltakarar har ligge mellom 65 – 85 personar. Viktig å famne bredt mht. alder samt knytte til seg samarbeidspartnarar (kommunen, villreinlag, turlag mv.). Vidare fokusere på tema som ikkje vert for smalt og der ein kan knytte tema opp til lokale tilhøve. Dette har ein lukkast rimeleg godt med.

### Sak 2. Informasjonsstrategi – marknadsføring av møta samt informasjon i etterkant

Marknadsføring av arrangement gjennom sosiale media (Facebook, heimesider mv) heilt vesentleg for å nå ut til mange. Annonsering i avis samt henge opp plakatar i hovudsak som supplement.

Kan bli flinkare til å tipse lokalavisene om komande arrangement. Det sikraste er likevel å skrive sjølv å sende det direkte til avisa saman med bilete. Kjell Bitustøyl har skrive grundige artiklar frå to av møta (Bykle og Hjelmeland). Desse vert lagt ut på [www.villrein.no](http://www.villrein.no) og lenke til desse på prosjektets heimeside.

Arbeidsgruppa ønskje at det kan delast ut noko «handfast» frå dei ulike møta. Bladet Villreinen særskilt aktuelt. Lena sjekkar opp kva villreinsenteret har av høveleg materiale.

### Sak 3. Vidare arbeid med årshjulet for 2019

Kommune	Tema og målgruppe	Arena og samarb.partn.	Dato	Ansvar
Sirdal	Jørn sjekker med Guro kva som er aktuell tematikk.	Sirdalsdagane	Sept.	Jørn følger opp.
Vinje	Villrein og ferdsel. Målgruppe: hyttefolk og lokalpolitikarar (Vinje og Bykle). I tillegg vart følgjande tema nemnd som aktuelle: -Revidering av regional plan for HV (medarrangør?) -Utveksling av dyr mellom HV og SR - Tunelløysing E 134 (kjem an på kor i	Vågsli skisenter. Alternativt Haukeliseter th.  Ønskjeleg å få til ein paneldebatt i tillegg til vanleg foredrag.	Vinterferien	Lena følgjer opp.

	avgjersprosessen denne er)  Villreinnemndene i SR og HV aktuelle som medarrangør.			
Suldal	Kva betydning har villreinområdene deres? Utveksling til Hardangerviddaområdet?	<i>Utgår sidan det vart halden møte i Suldal 17. desember</i>		
Valle	Effekter av Brokke-Suleskardsveien.	Sauesjø i Valle evt. under kulturveka	Sept.	Dagfinn luftar kva arena som høver best i møte med næringsrådet
Bygland	Effekter av Brokke-Suleskardsvegen	Vert dekkja av møtet i Valle		
Odda og Suldal	Stand under Rødalsmarknaden – omdømmebygging, kva er folk oppteken av?	SNO Fjellstyra	21 – 23 juni	Torborg og Bjørg
Rogaland		Heiplansamlinga 2019	Juni	Torborg deltek frå verdiskapingsprosjektet i planlegging av Heiplansamlinga for 2019

#### Sak 4. Evaluering av arrangement

Ein enkel variant vart testa ut på møtet i Kvinesdal men med liten respons. Vel så viktig at ein prøver å fange opp stemninga etter møtet, gjerne spørje deltakarar direkte. Hovudintrykk må formidlast i oppsummeringa som vert lagt ut på heimesida.

#### Sak 5. Dato for nytt møte

4. februar kl. 09.00 – 10.30 (skype)

#### Sak 6. Eventuelt

##### *Villreinsertifikatet*

I samband med prøveprosjektet adaptiv løypeforvaltning i Bykle (nå ein del av arbeidsgruppe 4) har det vore drøfta utvikling av eit såkalla villreinsertifikat. Tanken er at publikum (hyttefolk, innbyggjarar mv) etter å ha bestått ei prøve, gjerne nettbasert, skal få ei synleg bevis i form av eit sertifikat. Føremålet er å auke kunnskapen og medviten om villrein. Vidare auke forståinga for omsyn som må takast ved ferdsel i villrein fjell. Kanskje kan delar av det å ta sertifikatet vera praktisk retta der lokale står for delar av kunnskapsformidlinga.

Arbeidsgruppa ser det som naturleg at det er arbeidsgruppe 2 som jobbar vidare med dette. Sigrid lagar skisser til ei sertifikatordning til neste møte.

##### *Endring i prosjektleiinga*

Jørn informerte om at det vert endringar frå nyttår og der verneområdeforvaltarane vil dele på leiing av arbeidsgruppe 1 – 3. Meir informasjon følgjer på nyåret.

Jørn Haug  
referent